

ÅRSMELDING FIN 2021

Årsmøte 30.9.2021

Årsmøtet i Flora Industri- og Næringsforening vart halde på Svanøy Hovedgård 30. september 2021. 28 personar møtte fram, og representerte medlemsbedriftene i FIN.

På årsmøtet vart følgjande styre valt:

Leiar	Bjørn Hollevik (attval) vald for 1 år
Nestleiar	Kristin Bergstøl Hansen (attval) vald for 2 år
Styremedlem	Ole Schanke Eikum (ny) vald for 2 år
Styremedlem	Thor Arne Ullaland (ikkje på val)
Styremedlem	Marianne Ullaland Knapstad (ikkje på val)
Varamedlem	Svein Nødseth (attval) vald for 1 år
Varamedlem	Anders Lien (ny) vald for 1 år

Som valnemnd vart Gustav Johan Nydal (attval), Ingrid Kassen (ny) og Jo Dale Pedersen (ny) valde for 1 år. Valkomiteén konstituerer seg sjølv.

Årsmøtet i 2021 vart utsett pga. pandemien, og medlemmane sette ekstra pris på at møtet vart lagt til Svanøy, med påfølgande middag på Hovedgården. Til tross for kort tid mellom årsmøta har FIN hatt bra aktivitet dei siste månadane, med styremøte, opne møte og oppfølgingsmøter med eksterne aktørar, som til dømes møter om DAT-rutene, Energisenter Florø og viktige prosessar i Kinn kommune. Det er stor aktivitet hos bedriftene, og medlemmene er opptatt av å ta grep med tanke på det grønne skiftet.

Årsplan 2022

Årsmøtet gav tilbakemelding til styret om å fortsette arbeidet med nyrekruttering til FIN, for å få meir tyngde overfor dei ein vil påverke. Dette er framleis eit satsingsområde, som må jobbast vidare med. Vi har tapt ein del medlemmar pga. samanslåingar, men det bør vere attraktivt for fleire å bli med. Både nettleige og vassavgift har vore viktige tema for FIN, slik sist årsmøte ba om. Samarbeid og felles samlingar med næringsorganisasjonane i Måløy, Førde og Bremanger har naturleg vore vanskeleg å få til dei siste åra. Næringsareal, flyruter og trafikkproblem i sentrum er saker FIN heile tida er aktive på, og som vi har fått ein del merksemd på i media.

FOT- / flyruter

Arbeid med FOT-rutene vart krona med hell med rutene Florø – Oslo etter mykje og langsiktig arbeid. Den kommersielle aktøren Widerøe legg i tillegg opp til kraftig auke i rutene til Bergen. DAT har no 3 rundturar FRO – Oslo. Rutene er godt tilpassa øyane, Bremanger og Måløy tur/retur. FIN har vore i tett dialog med DAT om rutetilbodet, og hadde med seg ønsker frå medlemmane til oppfølgingsmøtet i haust.

FIN har levert høyringsuttale til Kinn kommune om «Ny konkurranse om regionale ruteflygingar frå 1. april 2024». Der uttalar vi oss om regularitet, prisnivå, flyfrekvens og rutetider. Vi har og lagt vekt på koordinering mot offshorettrafikken.

Næringsareal / konteinarhamn

FIN har hatt fokus på å støtte opp initiativ frå medlemsbedriftene i Gunhildvågen, som er opptatt av å utvide arealet ved å ta i bruk Måsholmen. Kinn kommune og Flora Hamn har vore aktive medspelarar i arbeidet med å løyse utfordringane med ny konteinarterminal og å utvide næringsarealet. At Statsforvaltaren no har trekt sine motsegn mot å ta i bruk Måsholmen er resultat av godt og grundig arbeid av næringslivet og Kinn kommune. Det vil kunne bli eit stort løft for næringslivet - både med tanke på utviding av næringsareal i vest og frigjerung av areal på Fugleskjerskaia.

Rekruttering yrkesfag

Rekruttering til bedriftene våre er eit av dei viktigaste oppgåvene, i lag med samferdsle og næringsareal. FIN styret har hatt dette oppe som tema, og har fått innspel frå fleire aktørar som kan vere med og utvikle materielle til dette. Tema har vore ulike måtar å marknadsføre ulike bransjar og enkeltbedrifter overfor ungdommane og foreldra – og fortelje dei gode historiene. Styret i FIN ser det som viktig å rekruttere til yrkesfagutdanning og rekruttere ungdommane til bedriftene lokalt. Dette temaet må heile tida vere på dagsorden.

Kystvegen Måløy – Florø må realiserast

Saman med Måløy Vekst har vi sendt eit brev til Vestland fylkeskommune – på vegne av 102 verksemder / 3767 tilsette i Kinn og Bremanger – om at kystvegen Måløy-Florø må realiserast. For utviklinga av næringslivet langs kysten og vidare vekst i våre verksemder, så er det heilt avgjerande at kystvegen frå Måløy, via Svelgen, til Florø, vert realisert; og at ein no kjem i gang med realiseringa av første prosjekt som er FV 614 Svelgen-Indrehus. Styreleiar deltok på Kystvegkonferanse på Raudeberg 21. april, der både næringslivsaktørar og fylkespolitikarar var samla.

Vi har ei forventning til at Vestland fylke løfter kommunikasjon langs kysten høgare i prioriteringane i åra framover, då kysten frå Bergen og nordover i liten grad får positive

lokale og regionale effektar av riksveginvesteringar. Dette vil være heilt avgjerande for konkurransekrafta til næringslivet, og sikre vekst og verdiskaping i åra framover.

Eigedomsskatt, kommunale avgifter og rekkefølgekrav

FIN arrangerte medlemsmøte, med tema: **Hinder for næringsutvikling i Florø** 25. november 2021. Bakgrunnen var saker med manglande tilrettelegging for næringslivet, om høg eigedomsskatt, kostnader med å få fram straum m.m. Mange meiner at Kinn kommune framstår meir og meir som ein NEI-kommune. FIN er uroa over at mange verksemder står midt opp i det grøne skiftet, noko som i ein overgang vil bety reduserte inntekter. Med offentlege rammevilkår som inneber dramatisk prisauke på toppen av høge investeringskostnader kan ikkje næringslivet klare denne overgangen. Det var godt oppmøte både av politikarar, administrasjon og medlemmer i FIN. Merknadane frå møtet vart oppsummert i ein høyringsuttale til formannskapet.

Høyringsuttale til Formannskapet si innstilling til handlingsplan og økonomiplan for 2022-2025:

FIN legg vekt på at kommunen må framstå som næringsvennleg, slik at eksisterande og nye verksemder utviklar og etablerer seg i Florø. Vidare hadde høyringsuttalen med argumentasjon rundt tema:

- Kapasitetsutfordringar bygge/reguleringsaker
- Innkjøpspolitikk
- Vatn/avløp
- Gebyrregulativ
- Eigedomsskatt

Samarbeid med andre næringsorganisasjonar

FIN har samarbeidd med Måløy Vekst om uttaler i felles saker, som Kystvegen. FIN, FINS (Førde næringssamskipnad) og BNR (Bremanger Næringsråd) har lenge hatt eit «sovande» samarbeidsråd, Sunnfjord Næringsråd (SNR). FIN og FINS er samde om å initiere avvikling av selskapet SNR. Samtidig ønskjer dei to næringsorganisasjonane å ha eit tettare samarbeid, med t.d. felles medlemsmøte.

Styrearbeid 2021

Sidan årsmøtet 30.9.2021 har styret i FIN hatt 2 styremøte, behandla fleire saker digitalt, arrangert 1 ope medlemsmøte og delteke på fleire møter med eksterne aktørar (Kinn kommune/DAT/politikarar/Kystvegen) der enkeltrepresentantar frå styret har møtt. Styreleiar har i tillegg vore aktivt ute i media vedrørande saker FIN er engasjerte i.

Dei viktigaste sakene i FIN styret:

- Utarbeiding arbeidsprogram
- FOT-ruter og innspel til DAT, samla inn frå medlemsbedrifter + Måløy Vekst, Kinn og Bremanger kommune. Oppsummert og sendt til DAT som innspel til førsteutgåve av fartsplan i september og presentert på rutemøtet oktober 2021.
- Hinder for næringsutvikling, ope møte og høyringsuttale til handlings- og økonomiplan - sendt til politisk og administrativ leiing i kommunen.
- Kystvegen Måløy – Florø, møte og innspel til fylkeskommunen.
- Høyringsuttale regionale flyruter frå 2024
- Rekruttering til yrkesfag og lokale bedrifter
- Planlegging av opne møter

Dei fleste sakene blir lagt ut på nettsida www.florain.no

Samarbeid med Aksello

FIN ser på frukostmøta i regi av Aksello som eit viktig supplement til aktiviteten i FIN. Derfor har FIN dei siste åra støtta grunnfinansieringa i drifta til Aksello

Organisering

Kinn Regnskap AS har også i 2021 vore forretningsfører for FIN. A til Å v/ Anita Øygard har vore engasjert for å utføre sekretærfunksjonen i FIN.

Medlemsutvikling

FIN hadde 60 medlemsbedrifter pr. 1.5. 2022

Florø 25. mai 2022

Bjørn Hollevik
Leiar FIN

Kristin Bergstøl Hansen
Nestleiar FIN

Marianne Ullaland Knapstad
Styremedlem

Thor Arne Ullaland
Styremedlem

Ole Schanke Eikum
Styremedlem